



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Avslutning og inndraging UTM 2016 - Prosjekt *Hand i hand - jordmassar frå utbygging som ressurs for samfunnet*

Vi viser til vedtak 12.12.16 om støtte til prosjekt *Hand i hand - jordmassar frå utbygging som ressurs for samfunnet*, og dykkar brev dagsett 09.09.19 med tilbakemelding på varsel om utgått arbeidsfrist.

Fylkesmannens landbruksavdeling registrerer at prosjektet likevel ikkje vart aktuelt å gjennomføre. Sjølv om prosjektet kunne vore ein god og praktisk prøvestein for moglegheitene i jordmasseproblematikken ved omdisponering av jordbruksareal, er vi likevel nøgde med at kommunen fann anna areal.

Løyvinga på kr. 75.000,- vert i sin heilskap inndrege til fordel for UTM-fondet i Vestland.

Me takkar for initiativet og ser fram til vidare samarbeid.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
ass. landbruksdirektør

Eirik Brynjelsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Klagerett

De kan klage på vedtaket innan tre veker etter at de fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal de sende til Fylkesmannen. Klaga bør vera grunngitt, jfr. § 32 i Forvaltningslova. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klaga til følgje, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Ta kontakt med Fylkesmannen dersom de treng meir informasjon om klageretten.